



Då brannstyrken i Uskedalen tok avskil med Audun Eik vart dette biletet teke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det brenn framleis eit blått lys for brannstyrken i Uskedalen, sjølv om den og brannstyrken på Halsnøy vart berga under budsjetthandsaminga før jul.

For formannskapet til veka legg rådmannen fram forslag om revisjon av brannordninga som inneber at Husnes og Rosendal utvidar sine sløkkjeområde.

Dermed kan ein redusera brannstyrken på Halsnøy til 6 brannkonstablar og leggja ned i Uskedalen.

Eit moment i saka, der brannsjef Grete Nesheim er sakshandsamar, er at brannstyrken her i bygda har lite utrykkingar med eit snitt på 4 i året. Ho strekar også under at brannmannskapa ikkje har tilstrekkeleg utdanning og utstyr. Berre 4 av 22 mannskap i Uskedalen har godkjent utdanning.

- Generelt kan ein føle seg utrygg og lite profesjonell når ein har gamle bilar og utstyr og i tillegg brukar utstyret sjeldan, skriv Nesheim.

Ho opplyser at forskriftskravet på 20 minuttar innsatstid til tettstadane Sæbøvik og Uskedalen vert overhelde. Ein beheld også førsteinnsatsstyrke på Halsnøy slik at kravet til innsatstid på 10 minuttartil Halsnøytunet vert overhelde. Her vil dei også få tidleg hjelp frå Husnes. Halsnøytunet er også fullsprinkla, noko som kan hindra stor brann- og røykspreiing.

Med dette tiltaket sparar ein ressursar på utdanning av 17 brannpersonell no samt at det vert mindre materiell å vedlikehalda. Brannmannskapa som får fleire utrykkingar vert tryggare og får meir erfaring. Innbyggjarane får ei god brannteneste med personell som er på utrykking meir regelmessig.

Innsatstida vert ikkje vesentleg lengre til Uskedalen sjølv om køyretida hit vert litt lengre. Då Husnes og Rosendal har vanntankbil, brukar dei kortare tid for å få vatn på slangane. I dag har Uskedalen dårleg beredskap på dagtid sidan 70-80 prosent av mannskapa har arbeidet sitt utanfor sløkkjeområdet.

- Mange har sterke kjensler for bygda sin brannstyrke og ynskjer ikkje endring, men ein kan ikkje la det gå ut over krava til personellet og meir effektiv ressursutnytting, meiner brannsjefen.

Av Ola Matti Mathisen.

